

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 17.02.2021

Vår ref.: 202100595-4

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Henrik Hveding

Hydro Energi AS - Løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet for Skålavatn i Luster kommune

Vi syner til dykkar søknad av 21.12.2020 om løyve til mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Skålavatn i samband med nedtapping av driftstunnelen frå Skålavatn til Skagen kraftstasjon.

Om søknaden

Hydro energi søker om å senke vasstanden i Skålavatn med 4-6 meter under LRV i samband med vedlikehald. Nedtappinga skal vare frå 5. mars til 29. mars 2021. Nedtappinga er planlagt for å kunne utbetre avvik i samband med at lukeproppen nedstraums lukene ikkje er dimensjonert for poretrykk når lukene er stengde og vassvegen nedstraums er tom. Ifølgje teknisk plan skal det borast totalt 52 hol gjennom betong og inn i fjell, rett nedstraums lukeføring der det skal setjast bolt i 32 av dei og dei resterande er dreneringshol for å avlaste poretrykket.

LRV for Skålavatn er på kote 988, medan luketerskelen er på 982. Då boring i betong og fjell vil medføre vibrasjonar i fjell/betong, ynskjer Hydro Energi å tappe ned Skålavatn så langt ned som mogleg for å redusere risikoen for uynskte hendingar i samband med boring gjennom lukeproppen. Dersom Skålavatn kan tappast 4-6 meter under LRV, betyr det eit nivå likt med luketerskelen og ingen påkjenning på lukene medan ein utfører boring i lukeproppen og fjell.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget saka har, er ho ikkje kunngjort lokalt. NVE har sendt saka på høyring til lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Luster kommune har ikkje sendt inn fråsegn.

Statsforvaltaren i Vestland uttaler i brev av 10.02.2021:

«Vår vurdering er at dette er eit nødvendig tiltak med stor samfunnsverdi, og det må akseptertast noko mellombels ulempe for allmenne interesser. Vi reknar ikkje med at fiskestamma eller anna naturmiljø knytt til vatnet vil bli nemneverdig påverka av avviket frå reglementet.»

Vestland fylkeskommune uttaler i brev av 08.02.2021:

«Me har ingen merknadar til denne saka utifrå opplysningar om at tiltaket ikkje kjem i konflikt med fiskebestanden. Me ser i vann-nett at Skålavatn ligg inne med pålagt utsetjing av 1000 einsomrig aure. Det er difor inne tiltak for å sikre bestanden av fisk i vatnet. Senking av vannstanden under LRV er av og til naudsynt for å drifta eit vasskraftanlegg.»

I denne saka vurderer Vestland fylkeskommune at tiltaket ikkje vil ha konsekvens for fisk og det er difor ikkje naudsynt med vidare handsaming etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.»

NVE si vurdering

Hydro Energi AS skal utbetre avvik som går ut på at lukeproppen nedstraums lukene ikkje er dimensjonert for poretrykk med tømnd vassveg nedstraums stengde luker. I samband med arbeidet ynskjer Hydro Energi å tappe ned Skålavatn så langt som mogleg for å redusera risikoen for uønskte hendingar ved boring. Manøvreringsreglementet for Skålavatn, fastsett ved kgl. res. 1. juli 1960, angir at magasinet ikkje skal tappast lågare enn 988. Det blir no søkt om å tappe ned magasinet 4-6 meter under LRV, til eit nivå likt med luketerskelen. Vedlikehaldet skal finna stad i perioden 5. mars til 29. mars 2021. Hydro Energi ønskjer å tappe ned Skålavatn i forkant av dette og opplyser at senkinga til 4-6 m under LRV vil ta 4-5 dagar.

NVE kan gi løyve til avvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket går etter vårt syn inn under dette føremålet.

Med bakgrunn i søknaden og innkomne høyringsutsegner kan ikkje NVE sjå at tiltaket vil vera til nemneverdig skade for nokon kjente allmenne interesser eller dei økologiske høva i vassdraget.

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er begrensa i tid og nødvendig for å halda oppe damsikkerhet. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved å ta omsyn til dette kan ikkje NVE sjå at nedtappinga er til skade for nokon kjende almenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Hydro Energi AS kan senke og holde vasstanden i Skålavatn i Luster kommune inntil 6 meter under LRV (kote 982) over ei periode på inntil 30 dagar i perioden 28 februar til 29. mars 2021. Løyve er gjeve i medhald av vassressurslova § 8.



Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Hydro Energi AS skal informere om fråviket gjennom skilting ved tiltaksområdet og på relevante nettsider.
- NVE føreset at Hydro Energi AS har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følge av tiltaket.
- Instrument for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samstundes med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje alt er etablert. Jf. Punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Dersom det ikkje er mogleg å sende ein klage innan tre veker, må de sende ein grunngjeven søknad om utsett klagefrist til nve@nve.no. De kan også finne informasjon om fristar i samband med koronaepidemien på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Med helsing

Rune Flatby
fungerande direktør

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

LUSTER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE





Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: Skrive kva for vedtak du klagar på. Skrive kva for eit resultat du ønsker. Opplyse om du klagar innanfor fristen. Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.